

ORDENSREGLAR OG BRANNINSTRUKS FOR SPINNERIET

ORDENSREGLAR

- **Leigetakar** må sikra at rømmingsvegane er frie – både før, under og etter bruk av lokala. Det er plansjar som viser rømmingsvegar i kvar etasje.
- Leigetakar skal sjå til at inventar og utstyr står i same orden som då lokala vart tekne i bruk.
- Bordplater m.v. skal reingjerast etter bruk.
- Brukt kjøkkenutstyr skal reingjerast. Vask av koppar, tallerkar m.v. skjer i oppvaskmaskin. Det er ikkje lov å ta med seg utstyr frå bygget.
- Avfall og søppel skal sorterast og leggjast i bossdunk utanfor bygget.
- Miljøet i Spinneriet skal vera røykfritt.
- Attgløymde gjenstandar, som ikkje vert henta innan ein månad, kan bli kasta.
- Spinneriet må ikkje nyttast som lager.
- Skader eller øydeleggingar på bygning, inventar eller utstyr under leigebruk skal straks meldast til Kundesenteret.

BRANNINSTRUKS

- Ansvarleg person er den som disponerer nøkkel til bygget. Denne skal gje dette tilkjenne før arrangementet tek til.
- Det er plansjar med oversikt over rømmingsvegar og sløkkeutstyr i kvar etasje. Ansvarleg leigetakar skal setja seg inn i desse.
- Brann vert varsla ved støyttvis ringing/brannalarm.
- Ring 110 for å melda frå til brannvesen
- Kan du avgrensa skade på menneske eller materiell, så gjer det. Hugs at liv og helse alltid har 1. prioritet.
- Lukk vindu og dører og forlat bygget umiddelbart.
- Møt opp på gardsplassen framfor bygget og meld deg for brannvernsléiar eller den som har ansvar for oppteljing.